



Kunnskapsdepartementet

Postboks 8119, Dep.  
0032 Oslo

Dykkar ref  
200603131-/LAA

Vår ref  
2007/5589 - PEH

Dato  
28.06.2007

## Høring: Tilgjengeleg og tilrettelagt faglitteratur for studentar med syns- og lesehemningar.

### Innleiing

Vi viser til departementets brev av 30.03.07, der vi blir bedne om å uttale oss til ein rapport laga av ei særskilt arbeidsgruppe.

Universitetet i Bergen har i lang tid engasjert seg i spørsmålet om universell utforming av og tilrettelegging av studielitteratur. Våren 2005 sette vi ned ei arbeidsgruppe som skulle utgreie ressursane som ville gå med til å produsere tilrettelagt pensumlitteratur for syns – og lesehemma studentar ved UiB. Det var då kjent at departementet ville oppnemne ei arbeidsgruppe som skulle vurdere slike spørsmål, og vi har derfor sett fram til den rapporten som no ligg føre. I påvente av rapporten har UiB teke del i prosjektet om universell tforming og tilgjengeleggjing av studielitteratur som Kunnskapsdepartementet har sett i verk. Prosjektet er eit samarbeid mellom Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek (NLB), Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen og NTNU. På bakgrunn av prosjektresultata vil UiB lage ein lokal rapport og tilrå ein produksjonsmodell for UiB.

Universitetet i Bergen ønskjer rapporten velkommen. Det er eit viktig og nødvendig arbeid som er gjort og det er mange gode framlegg til tiltak i rapporten. Vi er kjent med åndsverklova §17, slik regelen lyder etter endringane i 2005. Ein klar regel som dette er særskilt viktig for at studentar med lesehemningar skal få lettare og betre tilgang til studielitteratur enn dei har i dag. Dette er svært viktig for at desse studentane i større grad enn i dag skal få dei same moglegheitene som andre studentar. Prinsippet om lik rett til utdanning har ikkje vore moglet å praktisere fullt ut for desse studentane, og ein av hovudgrunnane til det er at tilgangen til tilrettelagt studielitteratur har vore for dårleg. Såleis har Universitetet i Bergen erfart at synshemma studentar ikkje har kunne avlegge planlagde eksamenar på grunn av lang produksjonstid av pensumlitteratur ved Norsk lyd- og blindeskriftsbibliotek (NLB), og at dei demred har blitt seinka i studia.

## Nærare om framlegga i rapporten

Dei tiltaka som direkte gjeld for universitets- og høgskulesektoren er omfattande og ressurskrevjande. Tiltak 1-3, som direkte gjeld prosessen vidare, vert derfor svært sentrale. Utan prioritering mellom tiltaka, eintydig ansvars plassering, tidsfristar og tilstrekkelege ressursar vil det bli vanskeleg å gjennomføre tiltaka eller å få god nytte av dei.

Tiltak 4-14 gjeld alle ei styrking av kravet om universell utforming. Det er god samanheng mellom dei, og vi er glade for at arbeidgruppa har gått så konkret og detaljert til verks som ho har gjort. Vi vil likevel reise spørsmålet om ikkje prinsippet om universell utforming kan løftast fram noko meir. Vi kjenner sjølvstilt til §4-3 (2) i i universitets- og høgskulelova, der det allmenne kravet om at universell utforming av læringsmiljøet er fastsett. Departementet bør vurdere om ikkje kravet til universell utforming av litteratur og andre læremiddel også bør takast med i lova eller i forskrifter til §4-3. Det kan m.a. gjere det lettare å gjennomføre tiltak 19 og 20. Vi ser elles svært positivt på tiltak nr. 18. Ei slik eintydig ansvars plassering er viktig, og det bør også vurderast for fleire av dei andre tiltaka.

Universitetet i Bergen ser det som svært viktig at det blir tilført økonomiske midlar for å få til intensjonane om tilgjengelig pensumlitteratur for syns- og lesehemma studentar. I den samanhengen er tiltak nr. 22 svært vesentlig. Vi har ikkje grunnlag for å vurdere nærare om det konkrete framlegget til sum er tenleg, men har tillit til at arbeidsgruppa har godt grunnlag for sine vurderingar.

Tiltak nr. 23 om at Universitetsbiblioteka skal gi moglegheit til å låne ut tilgjengeleg og tilrettelagt litteratur gir vi og vår støtte til. Det same gjeld tiltak nr. 24, som er eit døme på korleis kravet til universell utforming kan gjerast konkret.

Tiltak nr. 26-28 rettar seg direkte mot institusjonane i vår sektor, og vi legg til grunn at institusjonane sjølve får høve til å vurdere korleis tiltaka kan og bør gjennomførast, og at nødvendige ressursar blir tildelt.

Vi er og samde i tiltak nr. 29-32.

Med helsing

Sverre Spildo  
ass. universitetsdirektør

Per Gunnar Hillesøy  
seniorrådgjevar

Kopi

Fakulteta  
Utdanningsavdelinga  
Formidlingsavdelinga